

Saksprotokoll

Organ: Formannskapet

Møtedato: 28.04.2021

Arkivsaksnr.: 21/2444-2

Saksnr.: 33/21

Saksprotokoll - Fleirbruks- og basishall

Handsaming:

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa kan gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet.

Endringsframlegg:

Gunnhild Bøyum (H) og Magne Bruland Selseng (Sp) sette fram slikt framlegg som endring i siste setning i punkt 2:

Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet.

Formannskapet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 2:

Referansegruppa kan utvidast ved behov.

Avrøysting:

Framlegget frå Gunnhild Bøyum (H) og Magne Bruland Selseng (Sp) vart samrøystes vedteke. Framlegget frå formannskapet og tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.

-
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet. Referansegruppa kan utvidast ved behov.